



## Notat

Dato: 22.08.2016  
Arkivsak: 2016/8550-1  
Saksbehandlar: helmoe\_

---

**Til:** Utval for kultur, idrett og regional utvikling

---

**Frå:** Fylkesrådmannen

---

### Status for istandsetting av Bryggen i Bergen - Prosjekt Bryggen

Oppfølging av PS 70/16 Referatsaker (meldingar), handsama i utval for kultur, idrett og regional utvikling 10.05.2016:

«I samband med RS 33/16 «Prosjekt Bryggen - Fordeling av tilskot 2016» bad **Kine Bratli Dale (A)** om å få eit kart som viser kvar linjene ligg. Kst. fylkesdirektør kultur og idrett opplyste at det vil verte lagt fram sak om status for igangsetjing av Bryggen, inkl. kart.»

Prosjekt Bryggen er eit langsiktig istandsettingsprogram for overvaking, sikring og istandsetting av verdsarvstaden Bryggen. Det blei starta i 2000, og omfattar både dei arkeologiske kulturlaga og dei ståande bygningane. Målsettinga er å ruste opp Bryggen til eit nivå som er i samsvar med kulturminnet sin høge status og slik at ein kan halde fram skjøtselen med vanleg vedlikehald.

I Prosjekt Bryggen samarbeider Riksantikvaren, Hordaland fylkeskommune, Bergen kommune og eigarane på Bryggen. Hovuddelen av midlane i Prosjekt Bryggen blir fordelt av fylkeskommunen gjennom ei tilskotsordning, kor private eigarar på Bryggen kan søke om tilskot til istandsettings- og sikringstiltak. Tilskot blir fordelt årleg, på bakgrunn av søknader for det kommande kalenderåret. Eigar/ tilskotsmottakar står som tiltakshavar og har ansvaret for gjennomføring av tiltaka.

Ved start av Prosjekt Bryggen var det definert at behovet for istandsetting var 38 bygningar, i tillegg til arbeid i passasjer og dråpefall mellom bygningane, og istandsetting av passasjedekka. Istandsettingsprogrammet fekk ei førebels tidsramme på 31 år, det vil seie til og med 2030. Per i dag ligg det an til at istandsettinga vil ta lenger tid enn dette.

Som vedlegg i saka finn ein eit kart over dei bygningane på verdsarvstaden Bryggen som er i privat eige. Kartet er ein oversikt over overordna tilstandsgrad, kva for bygningar som var sett i stand før start av Prosjekt Bryggen, og kva for bygningar som i perioden etter 2001 har blitt sett i stand med tilskot frå Prosjekt Bryggen.

Prosjekt Bryggen er finansiert med statlege midlar, over det som i dag er post 79 i statsbudsjettets kapittel 1429. Vedlagt finn ein òg ein oversikt over samla kostnader i Prosjekt Bryggen over statsbudsjettet.

Vedlegg

- 1 Vedlegg - kart over tilstandsgrad og istandsette bygningar
- 2 Vedlegg - kostnader frå og med 2001